



Søndag vert det halde foredrag om Tysnes si jåttseglarhistorie på Årbakka. Her er mannskapet på båten «Whirlwind» fotografert i 1930. Minst åtte tysnesingar var ombord.

Avsluttar med foredrag om jåttseglinga

Søndag 19. august vert siste sjanse til å få med seg Jåttseglarutstillinga som har stått i Smio på Årbakka Handelstad i sommar. Avslutninga vert markert med eit foredrag ved Knut Arne Grøteide og Kjell Magnus Økland. Det vil verta synt utdrag frå filmen «Yachting in the 30'ies».

På 1920- og 30-talet var svært mange tysnesingar engasjerte som mannskap på amerikanske rikfolk sine lystfarty. Mellom anna var dei med å segla America's Cup. På

det meste var 250 mann involverte i dette, noko som tilsvarte over 10 % av den arbeidsføre delen av folket på Tysnes. Utanfor Tysnes er dette nærmast ei ukjend soge. Dette er ein særmerkt del av både norsk sjøfartshistorie, men også norsk utvandrarhistorie.

Utstillinga har vore eit samarbeid mellom Tysnes Kystlag og dei to foredragshaldarane Økland og Grøteide.

LENA VERMEDAL

